

Rettleiing for søknad om tilskot til tiltak i skjøtselsavhengige naturtypar – rettleiande satsar

Dette er ei rettleiing for å hjelpe deg med å fylle ut skjemaet i elektronisk søknadssenter når du skal søke om tilskot til skjøtsel av trua- og utvalde naturtypar gjennom tilskotsordninga tiltak for å ivareta natur.

I rettleiinga finn du informasjon om ulike satsar for skjøtselstiltak, og kva tiltak du kan – og ikkje kan – søkje støtte til.

Prioritering av søknadar

Søkarar med skjøtselsplan vil bli prioritert. Har du ikkje skjøtselsplan kan du ta kontakt med Statsforvaltaren.

Søk med organisasjonsnummer om du kan

Om du har organisasjonsnummer må du opplyse om det i søknaden. Søkarar utan organisasjonsnummer, eller søkarar som ikkje opplyser om dette, kan bli trekt skatt av det endeleg innvilga tilskotet.

Ver så presis som mogleg

For at behandlinga av søknaden din skal være mest mogleg effektiv er det viktig at du spesifiserer antal timar du tenkjer å bruke på dei ulike skjøtselstiltaka (slått og brenning har faste satsar pr/daa). Om du brukar beitedyr som skjøtselstiltak, gis det tilskot basert på antal dyr. Det kan søkast om tilskot til leie av dyr med no-fence teknologi. Dette kan vere dyrt, og vi har ikkje alltid midlar til å dekke heile kostnaden. Vi vurderer kvar søknad for seg. Spesifiser antal dyr i søknaden.

Kostnadsoverslag skal ligge ved søknaden og utbetaling vil bli gjort etter dei faktiske kostnadane med tiltaket.

Slåttemark og slåttemyr (inkludert lauveng og naturbeitemark)

- Slått med ljå eller tohjuls-slåmaskin: 2 500,-/daa.
- For areal under 1 daa er minstesum for slått 2500,-.
- Anna arbeid som til eksempel rydding av kantsoner, mindre hogst- og restaureringstiltak, fjerning av framande- og problemartar, gjerding, mm. støttast med 350,-/time.
- Mindre type utstyr som rakar/rivar o.l. dekkast opp til 2000,- kr. Søkast det om høgare beløp må det spesifiserast kvifor.
- Slåmaskin/utstyr som er nødvendig for å gjennomføre tiltak kan dekkast med inntil 50 000,-.
- Leie av slåmaskin eller anna nødvendig maskinelt utstyr dekkast med opptil 5 000,- (må dokumenterast med kvittering).

- Transportutgifter til øyer eller avsidesliggende stadar kan dekkast med opp til 5 000,-. Søkast det om høgare beløp må dette dokumenterast med dei faktiske utgiftene.
- Beiting støttes med 180,-/dyr. Oppgi antal dyr.
- Sosiale kostnader (f.eks. slåttedag) støttast med opptil 3000,-. Større beløp må grunngjevast. Kostnadar dokumenterast med kvittering.

Kystlynghei

- Lyngbrenning: 1000,-/daa.
- Beiting: 300,-/dyr. Oppgi antal og rase.
- Anna arbeid som til eksempel rydding av kantsoner, mindre hogst- og restaureringstiltak, fjerning av framande- og problemartar, gjerdning, mm. støttast med 350,-/time.
- Transportutgifter til øyer eller avsidesliggende stadar kan dekkast med opp til 5 000,-. Søkast det om høgare beløp må dette dokumenterast med dei faktiske utgiftene.
- Mindre type utstyr som brannsmekke, gasstenner, o.l. dekkast opp til 2000 kr. Søkast det om høgare beløp må det spesifiserast kvifor.

Andre offentlege tilskot

Har du rett på RMP-tilskot og søker på dette må du informere om det i søknaden.

Om du til eksempel mottek 1000 kr/daa miljøtilskot til skjøtsel av utvald naturtype gjennom ordninga regionale miljøtilskot (RMP) til jordbruket, så blir tilsvarande sum trekt frå på utbetalinga frå Statsforvaltaren. Det vil seie at om du slår 10 daa med tohjuls-slåmaskin og mottar 10 000 kr i RMP tilskot til slått vil du få 1 500 kr/daa gjennom tilskotsordninga for tiltak til å ivareta natur. Til saman vil det utgjere totalt 2 500 kr/daa.

Mottek du andre tilskot som til dømes SMIL eller UKL-midlar for det same tiltaket, må dette også opplysast om. Ved ei eventuell dobbeltfinansiering kan utbetalinga bli redusert sjølv om det er gitt tilsagn.

Utstyr og anna som det normalt ikkje gis tilskot til:

- No-fence klavar.
- Drivstoff og olje.
- Flishoggar.
- Kai/kaianlegg.
- ATV og utstyr til ATV. ATV har så mange bruksområde at det ikkje kan gå inn under denne ordninga.
- Større tyngre maskiner som traktor o.l.

- Uthus/redskapsbod. I nokre tilfelle kan det gis tilskot til dette om skjøtselsområdet ligg utilgjengeleg til eller på øyer utan fastlandsforbinding. Behov må kunne dokumenterast.
- Administrative kostnader.

Vi håper at denne rettleiinga er til hjelp i søknadsprosessen. Dersom noko er uklart eller du har spørsmål, ta kontakt med oss før du sender inn søknaden.